

*Utgjeve av Jølster Mållag*

*1997 – 14. ÅRG.*

# Kvar tok vi kaffikok?

Av Kåre Lien

Vi tok eit kaffikok  
ved Biggeluobbal.  
Morgonyre reinsdyrmular  
snusa i vierkrattet,  
og vi sumde utan klede  
før myggen si vekkjarklokke kima.

Vi tok eit kaffikok  
ved Store Nordmannsslepa  
på Hardangervidda  
og steikte fjellaure i glørne.  
Kvilande mot ei musøyretue  
let vi fiskebitane sprelle mot ganen.

Vi tok eit kaffikok  
ved brekanten under Glittertind  
og spanderte på ein danske.  
Turmaten hans var sigarar  
og ein sekk full  
av usunne historier.  
Han tømde ein kopp  
i ein botnlaus mage  
og handtakka for støtte og krisehjelp  
før han flaut ut på breen.


Vi tok eit kaffikok  
under Kvestadjerringane  
på Sunnmøre.  
Med spira gjennom skodda  
og isbre-klerestorium  
viste dei oss tydeleg,  
som ein gotisk katedral,  
kor små vi er.

i tok eit kaffikok  
ved Gjøset i Gaular  
og skrudde tida attende.  
Ein liten gut med fisketroe  
la topplua frå seg  
mellom melkekvite myrull-månar.  
Då han fann benne att,  
låg ein hoggorm inni.

Vvi tok eit kaffikok  
på Roskildefestivalen  
der lysredde unggutar kasta  
orkan-kaskadar av kvit støy  
mot flyktande flammar  
over sovande solbriller  
i mørkret.

Vi tok eit kaffikok  
på Verdens Ende  
før vi sløkte bålet.

Stundom bender det  
vi kan ikkje nekte,  
at vi tek eit kaffikok  
på Moccamasteren  
beime på kjøkkenet.



# Jølster mållag

Styret 1997

Magnar Juklestad, leiar  
Ann Elena Vie Stadheim, kasserar  
John Svidal, skrivar  
Grete Skaar Sunde  
Elsa Norunn Håheim Nydal  
Martha Fimreite

Du er hjarteleg velkomen til å bli  
medlem i mållaget!

Adressa er:

Jølster Mållag  
Ann Elena Vie Stadheim  
6840 VASSENDEN

Medlemskontingenten for 1998 er  
190 kroner.

Familiemedlemer 130 kroner.

*Jølster måldyrkingslag  
midt på 40-talet.*

*Frå venstre: Kristian Eikås, Hermund  
Thune, Gudtorm Kallhovd, Andreas  
Hamar og Eirik Hjellbrekke.*



## ***Av innbaldet:***

	side		side
Gunnar Nedrebø kulturmann med vidsyn.....	5	Organisasjons- og foreiningsverksemd i Jølster ved hundreårsskiftet.....	17
Den smale veg.....	8	Ka seie du ka sa du, ka meine du me da du?.....	20
Pusen, selja og skjora.....	9	Glimt frå Jølster.....	21
Attende.....	10	Jenta og drengen Ei soge frå gammal tid.....	25
Amatørteater i 92 år.....	11	5. klasse ved Vassenden skule 1997/98.....	27
Aasen og oss Kvar dag er ein Aasen-dag.....	13	Ei avretting.....	29
Tenk so er det bondefest.....	14	Jakob Paulen Den djerve krigaren til Tordenskjold.....	30
Om hestar og hestekarar i Stardalen.....	16		



# Gunnar Nedrebø –

*kulturmann med vidsyn*

*Tekst og foto av Kåre Lien*

På Håheim i Jølster bur Gunnar Nedrebø. Teatermann, litteraturelskar, kunstinteressert og humorist. Ein smilande mann så umetteleg på kultur at ein må undre seg over om Jølster og Sunnfjord har nok kulturretter å setje på bordet. Men det har gått bra.

Gunnar Nedrebø har alltid vore nøgd.

Han har teke mot dei kulturtilbod han har fått med opne armar og gledd seg over dei. Han minnest forrykande gode oppsetjingar ved Riksteateret for 20 år sidan.

Han sit i stova si, ser utover Håheimsvatnet og gler seg over den store Vincent van Gogh utstillinga i Bergen rett etter krigen. Og då eg vitja han ein sommargrøn junikveld, såg han fram til sommarens utstillingar i Eikaasgalleriet og Astruptunet.

Gunnar vart fødd 1. februar 1918 på garden Geilemyrane i Ålhus sokn. Han var yngst i ein syskenflokk på seks, og han lærte seg å lese før han tok til på Ålhus skule 1. april 1925. Leselysta var ei av gåvene han fekk i barndomsheimen. Faren, Nils Nedrebø, var bibliotekar i Ålhus sokn. Gunnar fekk difor lett tak i bøker utanom dei som fanst på gardane på den tid.

Fyrste skuledagen hugsar han godt. Den strenge læraren Hermund Thune spurde smårollingane om nokon hadde ynskje om ein song. Gunnar som alltid har sett lyst på livet og vore full av godt humør føreslo «Hurra meg rundt! No er det liv og tidsfordriv!» Den songen vart ikkje funnen passande!

## **Teaterelskaren**

Geilemyrane ligg på Nedrebø, og der budde Gunnar til han reiste til Bergen i 1939. Han var allereie svært

teaterinteressert, og for ungguten var det reine draumen å få arbeid på målaralen ved Den Nationale Scene i Bergen. Ja, han kom til Bergen med kofferten full av skisser og oppsøkte teatermålar Per Schwab.

Han fekk jobben, og tok til ved teateret 1. september 1939, den dagen nyhendet om den store krigen i Europa lamslo folk.

Ved teateret var han straks i gang med kulissane til ei operetteoppsetjing, – «Jomfruburet». For ein typisk bygdegut var det ikkje alltid like lett i bymiljøet ved teateret, men ein kar med slekt frå Sandalen i Jølster, vart ein trufast kamerat. Og Gunnar Nedrebø måla ein toetasjes bygning med franske vindauger. Deretter sat han og dei andre teatermålarane eit par dagar og bretta papirblomar til blomsterkassane på balkongane. Til slutt kom sjefen sjølv, Per Schwab, med finpenselen og fekk det heile til å sjå ut som ein verkeleg bygning.

Interessa for teateret har han hatt med seg heile livet. Då han møtte odel-sjenta Jorunn Dvergsdal frå garden Håheim i Jølster, måtte han sjølv sagt invitere henne på teater i byen. «Det vart ein dundrande fiasko,» fortel han sjølv. «Stykket heitte «Den guddommelige Leocadia» og ikkje ein einaste i salen skjøna når stykket eigentleg var slutt. Det vart forresten teke av plakaten etter svært kort tid.»

Gunnar Nedrebø likar komediar. Han likar Ludvig Holberg sine stykke «Den politiske Kandestøper», «Jeppe på Bjerget» og «Mascarade». «Ja, eg har heller ikkje noko i mot litt merkelege skodespel, berre dei er morosame! Eg hugsar eit svært spesielt stykke som vart spela ved Den Nationale Scene. Det handla faktisk om innvielsen av eit pissoar!»

Kulturmannen på Håheim i Jølster set seg tilbake i



lenestolen og flirer. «Ja, det må vere morosamt!» legg han til. «Det er der feilen ligg ved Sogn og Fjordane Teater. Dei må spele komediar. Dei må spele det folk vil ha. Ikkje vanskelege, sære ting som folk ikkje skjønar.

Teater og litteratur skal få folk til å bli glade og få oss til å le! Eg likar Kjell Aukrust og Woodhouse og Arne Hestenes. Enkel, underhaldande litteratur.»

Men Nedrebø er nok meir samansett enn som så. Dei smekkkfulle bokhyllene inneheld fleire hyllemeter såkalla seriøs litteratur, norske klassikarar, kulturhistorie og ikkje minst ei fantastisk samling med praktfulle kunstbøker. Og kunstinteressa er sterk og smittande. Før krigen måla han sjølv ein god del oljemåleri. Det vart sal til vener og kjende, og dessutan gav han vekk mange bilete. Fleire oljemåleri selde han gjennom Paus Knudsens kunsthandel i Bergen. Han har og laga ei mengd strekteikningar og i 1986 gjekk han akvarellkurs hjå Astrid Myklebust. På veggane heng fleire akvarellar frå Botnhamn på Senja der dottera Marit bur.

### **Astrupkjennaren**

Mange kjenner Gunnar Nedrebø som ein engasjert og blid sommarguide i Astruptunet og Eikaasgalleriet. «Den store Astrup-utstillinga i 1995 var ei utruleg sterk

oppleving. Eg gjekk på Høvikodden utanfor Oslo, gjennom dei store prismesalane, og var stolt over å bu i Jølster. Mange jølstringar er ikkje klar over den enorme posisjonen som Astrup og Astruptunet har austafor. Austlendingane er glade i Astrup-bileta.»

Og det er sant nok. Astrup-utstillinga var ein av dei store suksessane til Høvikodden kunstsenter. Vidare måtte Haugar kunstmuseum i Tønsberg la utstillinga stå fleire månader lenger enn planlagt. Og framfor Astrupmåleria på Nasjonalgalleriet står det alltid ivrige kunstelskarar.

Men kunst er sjølv sagt ikkje berre Astrup. Norge er eit lite land, men har fostra ei rekkje store kunstnarar. «Eg likar svært godt dei norske naturalistane frå 1880-åra,» fortel Nedrebø. «Christian Krohg er ein favoritt. Likeeins Erik Werenskiold og hans «En bondebegravelse». Av målarar frå vårt eige århundre må nemnast Henrik Sørensen og hans nydelege portrett av Tone Veli. Ei Sørensen-utstilling i Bergen for mange år sidan, kan eg framleis glede meg over.»

Nedrebø reiser seg frå lenestolen og hentar ei praktfull bok frå hylla: «Norske malerier gjennom hundre år» av Håkon Stenstadvoll. «Denne boka kjøpte eg for 80 kroner. Det var heilt forferdeleg mykje pengar den gongen. Men eg har lese boka frå perm til perm!»



### **Husmålar og agent**

Av yrke vart Nedrebø husmåalar. I 1945 kom han inn på målarlinja på Statens husindustriskule i Arna. Undervisninga finansierte han med sal av eigne bilete. Etter skulen tok han læretid hjå målarmeister Birger Michelsen i Bergen. Svennebrev i målarfaget tok han våren 1949. Deretter reiste han heim til Jølster og var målar på heiltid. Han dreiv firma, og hadde tilsett fem-seks mann på det meste.

I 1973 kom han i arbeid i firmaet «Malerservice» drive av Ole Naustdal i Førde. Der vart han verande til pensjonsalderen. Fyrst som målar, men etterkvart mest som butikkseljar. Eitt år var han dagleg leiar for firmaet. Også etter pensjonsalderen arbeidde han deltid der, til firmaet vart nedlagt i 1986.

Men han har og vore agent. Han reiste på salsturné saman med Audhild Viken og vart med på ei rekkje salsmesser. Nemnast kan Vestfoldutstillinga i Larvik, Skiens handelsstevne og Momarkedet med torgsal i fleire av Østfoldbyane. Vidare torgsal i Horten, Arendal og andre større byar. Det var travle dagar, men han kom i kontakt med utruleg mange slags folk frå alle samfunnslag.


Gunnar Nedrebø har og reist for Enebøfoss fabrikkar på Sandane. Då selde han strikkjakker, arbeidsklede og pledd. Og han reiste for firmaet Einar Blaauv som hadde bygningsvarer, sement og tapet. På eit pensjonat sat han eingong til bords med ein uniformskledd herre med lorgnett. «Ja, De er vel emissær?» spurde herren. «Nei, kvifor det?» svarta Nedrebø. «Du er vel emissær med ditt troverdige ytre og med Solo til maten!» var svaret.

Og herren hadde utan å vite det sjølv peika på ei viktig side ved Nedrebø sine interesser. Fråhaldsarbeid og losje har alltid vore viktig for han. Lærar Hermund Thune var ei drivande kraft både i ungdomslaget og losjen, og var med på å lære dei unge at ein kan ha det moro utan ein droppe alkohol. «Dette har vore ein god ballast heile livet,» seier Gunnar.

### **Venene helsar**

Det har blitt sein kveld i stova på Håheim. Eg sit og blar i nokre bøker. Eg opnar Fredrik Wandrup sin biografi om Jens Bjørneboe. På tittelsida står det: «Til Gunnar Nedrebø med varm takk for en uforglemmelig dag i Jølster. Hilsen Fredrik Wandrup m/ familie.» Eg blar i andre bøker. I Jahn Otto Johansen si bok om Ludvig Eikaas les eg: «Kjære Gunnar. Med stor glede signerer jeg boka. Jølster og Ålhus hører med til vårt miljø. Hilsen fra malervernen Ludvig Eikaas.»

Gunnar Nedrebø har vidsyn. Han er godt likt i bygda, og naboane kan fortelje om ein hjelpsam mann som aldri er redd for å ta eit tak. Han er uvanleg godt orientert. Eg takkar for ein triveleg kveld. Ikkje minst takkar vi for lån av bilete til Jølst 1997. Og kulturmannen på Håheim ser utover vatnet og smiler. Han tenker nok på ei eller anna sprø komedie han såg på Riksteateret den gongen skodespel var til å le av. Eller kanskje han kort og godt gler seg over den varme, velsigna sommarkvelden. Ein kveld som lokkar fram Astrup-biletet «Fødselsdag i Hagen». Eller kanskje han gler seg til å lese ein liten halvtime. «Det er for tidleg å leggje seg,» seier han.



# Den smale veg

Av Erling Helgheim

«Alle vegar fører til Rom», sa dei gamle romarane. «Alle reiser er ein omveg heim», seier Herbjørn Sørøbø. Tilsynelatande to motstridande visdomsord, men ved nærare ettertanke viser det seg å vere same innhald uttrykt på to litt ulike måtar. Romarane fór vide, og dei var store vegbyggjarar. Utgangspunktet for alle vegane og ferdene var Roma, og målet deira, kvar dei så kom i verda, ja, det var å komme heim. Det var til Roma dei lengta, dit alle vegar eigentleg førde. Med andre ord nett det Sørøbø seier: «Alle reiser er ein omveg heim».

Eller som det står i ei litt sentimental strofe hjå Herman Wildenvey som eg ofte siterer: «Ute fra verden den vide kaller en sang meg hjem, hjembygdens bakker blide, Herren velsigne dem».

Alle vestlendingar må ha eit forhold til vegar - eller mangelen på vegar. Striden om lineval er evig, og ingen kjenner kampen for vegar, bruer og båtruter betre enn sogningar, sunnfjordingar og nordfjordingar.

Vegen har óg noko symbolsk ved seg. Vegen vi går. Opp og fram, eller nord og ned. Vegen bort frå bygda, og vegen heim. Vegen er sjølv livet vi lever. Vegen vi gjekk, og vegar vi gjerne ville gått. «Visst er det verd at leva, men det er vegen som er mødan verd», sa Karin Boye.

Folket i Firdafylket har lært seg å gå den smale veg -

eller smale vegar - og svingete. Det gjeld i overført, men like mykje i bokstaveleg tyding og speglar seg av i alle statistikkar. Lite hjarte- og kjønnsjukdomar, skilsmisser og skattesnyteri, avgrensa alkoholomsetnad, låge inntekter, høg levealder. Av omverda vert vår del av Vestlandet vurdert som ein slag puritansk provins, ei bondsk bakevje.

Vi lærde tidleg å forstå at vi ikkje hadde nokon grunn til å tru at vi var noko, og det trudde vi ikkje heller. Det einaste vi hadde å slå i bordet med, var Sognefjorden, Jostedalsbreen og Hornindalsvatnet - audslege brevidder, botnlause djup og ei endeløyse av ein fjord til meins for folk og ferdsle.

Rundt i alle desse krikar og avkrokar, rundt alle nes og nutar, kring vatn og vikar, gjennom juv og gjel, langs svarte stup og steinute strender, mellom bakkar og berg utmed havet - går det vegar. Der sau og geit har gått føre, har vegvesenet sitt stikkekorps kome etter. Dette med den rette linje og kortaste avstanden mellom to punkt har dei suverent sett til sides. Vegane smyg seg fram i snirklar og snurar, i kåte kast og tverrvendingar - ein slags teknisk tarmslyng. Vegane i Sogn og Fjordane gjer så mange svingar og sidesprang, at det ofte verkar som om dei berre med den aller største motvilje vil føre oss nokon stad i det heile.



GN. 6/11 1944.

Nils J. Nilsen d.y.  
3 1/2 år.



Teknisk tarmslyng, sa eg. Ja, kanskje noko av grunnen til at alle desse vegar og vegsvingar står så sterkt i minnet, nettopp har noko med magen å gjere. Eg var så begredeleg bilsjuk i min barndom at vegnettet i Sunnfjord og resten av fylket fortona seg oftast som ein endelaus Via Dolorosa. Eg kan utan å ta munnen for full - uff! - skryte av å ha spydd på alle våre viktigaste vegar. Eg har mørke minne om skuleturar til Videseter og Balestrand, ferieturar til Fillefjell og Florø, vitlause utferder til Vadheim, Vik og Voss, minne som framleis gjer meg kaldsveitt og kvalm. Det er tåreslørde bilete av stabbesteinar som sjogar forbi, gråpapirposar, det er den sure smaken av galle og stanken av spy og sveitte. Beste bussjåførane i verda - og dei var samla i Firda Billag dei fleste av dei - kunne ikkje hindre at innvollane vrengde og velta seg i dette rutenettet der reisa arta seg som eit rebusløp gjennom hårnålssvingar og seterstigar. Verst av alle vonde reiser i barneåra var den årvisse turen til tannlækjaren på Sandane. Vi Jølstringane hadde ikkje eigen tannlækjar, ja, ikkje andre lækjarar heller, verken for folk eller fe, og når det galdt tennene, måtte vi til Sandane. Der hausta vi mange smertefulle erfaringar. Ikkje nok med at ein gjennom 4,5 lange mil sat og kvidde seg til det grufulle som låg framføre, nei, endå verre var sjølv reisa. Langs Jølstravatnet var det enno von, men etter Klakegg var det kaldsveitte og øyresus, og Våtedalen var ein kamp for å halde mageinnhaldet på plass, i alle høve forbi grensesteinen mellom Sunnfjord og Nordfjord. Etter den tid var all von ute!

Vi Sunnfjordingar har alltid kome til kort i Nordfjord. Dei er for slue for oss. Om vegen gjennom Våtedalen var hard å halde ut, var det for småtteri å rekne mot hårnålssvingane gjennom Breimsfjellet. Der hadde nordfjordingane verkeleg fått vist si utrulege evne til å gå krokvegar og å gjere ubereknelege rundkast. Så kom ein til Sandane, sanselaus og med open munn og takksam for at tannlækjarstolen i det minste stod i ro. Heimturen var herleg. Tennene fulle av amalgam og karameller, hjartet fylt av glede over å ha berga seg gjennom Breim endå ein gong. Men det var før! No har vegane i heimfylket forandra seg og vorte beine og breie. Berre vent! Det kjem nok snart til å vise seg på statistikkane óg at vandringa på den smale veg er slutt også i Sunnfjord.

## *Pusen, selja og skjora*

*Pusen har så mjuke føter.  
Selja har no berre røter,  
men er god og klatre i  
for den mjuke kattepusen  
når han får ei klatreri  
og skal ta ei skjor som skrattar  
høgt i selja mellom tusen  
gule, mjuke pusekattar.*

*Skjora berre flyg og skrattar  
åt den dumme kattepusen  
som sit narra mellom tusen  
gule, mjuke pusekattar.*

*Dagfinn Hjellbrekke*

*Pusekattar:  
gåsungar, seljeblomar*

# Attende

Dagfinn Hjelbrekke

I ei blond augustnatt står eg atter her  
ved huset der vi budde.  
Ingen veit at eg er komen.  
Ingen veit det var i natt  
mi vandring skulle føre meg hit.  
Eg har gått så langt, og er trøytna.  
Strupen vart tørr av å rope eit namn  
ved dei mange stasjonane,  
og augo vart såre av å stire etter  
lys over horisonten.

I natt kom eg heim.  
Grinda er opa, men enno  
er det ikkje for meg.  
Kanskje er det villvinen  
som venter ein vind,  
ein ven til å leike med  
i det kvite lyset frå muren.  
-Kanskje er det du som er der inne  
for å hente noko du har gløymt,  
-for å sløkkje ringblomstrane  
sine siste glør.

Men ringblomstrar brenn berre ein  
sommars.  
Var det du som fortalde meg det?  
Minnest eg at du song?

Den seine sommar susar  
i dei tunge trea: Du er ikkje her  
og løytnanthjarte er før-sommarsblomstrar.

Då eg møtte deg  
trudde eg alt var blitt nytt.  
Vinden, fuglane og trea  
og himmelen  
som du hadde skore eit stykke av  
og bunde i håret.  
Eller var det kanskje eg som hadde gjort det  
ein gong bortafor alt eg kan minnast.  
For tusen vindar sidan.  
Den dagen du pynta deg til brur.

Om du kan minnast det,  
så må du fortelje meg om den dagen  
om kjolen din var kvit  
og om kor glad eg var i deg.

Og det var fuglar  
i bjørketrea og i linda,  
så sei meg kva du song om.  
Kan du minnast om vi fekk  
ein bukett med ringblomstrar  
eller kanskje ei korg,  
for eg var så glad i ringblomstrar  
og i deg.

Fortel meg alt du kjære,  
så vil eg gløyme det  
så du kan fortelje alt på nytt.

Og sidan, då klokkene var stilna  
trur eg vi var åleine ved ei kvit strand  
der skyminga kom  
som bølgjande auge av caprifolium,  
og vi nær kvarandre  
og var takksame for at vi ikkje var døde.

Men angsten treng inga adresse,  
og ein morgon  
vart vi vekte av stormen.  
Og soldataene hadde kringsett vårt hus  
på veg mot frontane.

I ei blond augustnatt står eg atter her  
ved huset der vi budde.  
Ingen veit at eg er komen .  
Ingen veit at det var i natt  
mi vandring skulle føre meg heim.

Strupen er sår av å rope  
ditt namn ved dei mange stasjonane,  
og augo er såre av å stire etter lys  
over himmelen.

Stormen har stilna her,  
men enno lyder ekkoet  
av soldatane sitt framande rop  
imot murane.

# Amatørteater i 92 år

Av: Atle Hamar

Gjesdal Ungdomslag markerte våren 1997 den store revyaktiviteten på 90-talet med revykavalkaden «Da òkje spøk». Gjennom 3 framsyningar i Jølster og 4 turnèframsyningar, synte laget publikum dei beste innslaga frå revyane som hadde vore laga kvart år sidan 1991, og eit par innslag frå den vellukka «Jølstrafloraen» i 1982. Men det er ikkje tilfeldig at revy-aktiviteten er stor idag. Gjengen i Gjesdal UL har ein 92 år lang tradisjon å støtte seg på.

Gjesdal Ungdomslag vart skipa i 1901, og det første skodespelet laget sette opp, hadde tittelen «Ei hugvending», og hadde premiere i Gjesdal Skulehus i 1905. Seinare vart fleire stykkje som «Ættegarden», «Arven», «Den glade enkemann», og «Hei Ola der nordøvt inn. Sceneforholda var so som so. Dei strekte ei snor frå vegg til vegg i skulehuset, brukte eit svart teppe som forheng, og spelte framfor tavla i skulestova. Seinare vart tilhøva betre med ny stor scene i Gjesthalla, som vart bygt på midten av 50-talet. I nyare tid kan vi peike på kva Heimyrkeskulen betydde for rekrutteringa til laget og aktiviteten på scena. Revyar, kabaréar og skodespel avløyste kvarandre. Ungdomslaget reiste «ut i verda» for første gong på slutten av 70-talet. Dei vart invitert til Oslo og Sunnfjordlaget, eit besøk som gjentok seg i 1982 då laget reiste med revyen «Jølstrafloraen» til hovudstaden, etter å ha turnert til Naustdal, Skei, Dale og Bygstad.

Amatørteaterarbeidet og revyaktiviteten har aldri vore så høg som gjennom 90-åra. Etter ein 5 års pause, var det jubileumsfesten i 1991 som slo an tonen. Laget har etterkvart fått ein rutinert revygjeng, både på og bak scena. Årets revy «Da òkje spøk» markerte ikkje berre dei beste innslaga frå 90-talets produksjon, den markerte også at laget etterkvart har opparbeidd eit teknisk nivå som er bra til amatørteater å vere. Bak gjengen som står på scena er det eit

«Aldersheimen».  
Kai Arild Stenseth.



Sminkerommet. Ellen Beate Årdal gjere Randi Gjesdal klar til Aldersheim-sketsjen.



20-tals revyarbeidarar som står for lyssetjing, lyd, kostyme, sminke og kulisseeoppbygging. Laget har investert 190 000 kroner i teknisk utstyr, og har i tillegg opparbeidd seg eit kostyme- og kulisjelager som passar til mange innslag. Dei siste åra har det vore innleigd instruktør frå Sogn og Fjordane Teater. Med skodespelarar og musikarar har omlag 40 personar vore involvert i Vassenden-revyn kvar år dei siste åra. Revydeltakarane er frå 12 til 45 i alder.

Laget startar førbuinga med skrivning av sketsjar og songtekstar i september. Deretter blir musikk, dans og drama bygt opp. Kulissar vert snekra, og kostymer blir skaffa til veges slik at dette er klart ved nyttår. Deretter byrjar øvingane, og intensiteten aukar fram mot premieren som brukar å vere i midten av februar. Alle som har vore med på å framføre ein premiere framfor ein fullsett sal, med godt heimepublikum, veit kva slags opptur dette er. Miljøet som vert skapt i ein slik gjeng er unikt. Det betyr mykje og tett jobbing for mange. Og ein kan ikkje stikke under ein stol at det har røynt på ein gong i blant. Men når resultatet er klart, og premieren er over, så er alle nøgde og kan kvile på laurbæra ei tid.

I desse dagar er revyngjengen i Gjesdal UL midt i førebuinga til det som blir ein fersk og nyskriven revy, med premiere i februar. Artikkelforfattaren har sjølv vore ein del av dette miljøet sidan slutten av 70-talet, men har idag ein meir passiv observatørstatus. Inntrykket av ei kraftig utvikling på scena er det som sit sterkast. Det som vi seinast for 15 år sidan kalla revy, var ei samling sketsjar med noko enkel pausemusikk mellom innslaga. Idag er Vassenden-revyn eit føretak som inneheld både sketsj, levande musikk, dans, drama og monolog. Det er eit stykkje mellom «Ei hugvending» i 1905 og «Da e'kje spøk» i 1997 i form og innhald. Men engasjementet, innsatsen og ånda er den same som for 92-år sidan.



«Restaurant» (frå Jølstrafloraen) Her frå Revy -97 med Sølvi Grimsbø og Jan Erik Sunde.



Kordamer (1996) Frå venstre: Camilla Kapstad, Randi Gjesdal og Anette Svidal.



Ove Hjellbrekke er «vikarprest» i Jølster

# *Kvar dag er ein Aasen-dag*

*Av Roald Helgheim  
(Kulturjournalist i Klassekampen og innehavar av Vinjeprisen)*

Det er så mykje stygt å lese om lærarane om dagen. Ikkje kan dei noko, ikkje greier dei å lære den oppveksande slekt noko, og minst av alle kan norsklærarane som i dag står til kollektivt stryk i både hovud- og sidemål. Resultatet er ei oppveksande slekt utan språk, får vi høyre. Legg så til alle skrekkevisjonane om computeralderen, virtuell reality og internett, og du har ein ny generasjon menneske like firkanta som det firkantfolket frå Andesfjella som i ein Donald Duck-serie snakka vossamål og song «På Vossevangen der vil eg bu.» Det førde sjølvsgt til ein av dei legendariske språkdebattane i Noreg. Men vår tids skrekkevisjonar av nokre firkantskapnader kan knapt snakke i det heile teke, langt mindre skrive. Så kvifor skal dei lære seg godt norsk?

Nyleg såg eg ein lystig liten kortfilm om korleis sensorane fastsette stilkarakterane. Det heile enda opp i eit løye lag der den endelege domen fall etter diverse kjøpslåing over og under bordet, av og til med backgammonterningane i baren som siste løysing. Sjølv sat eg ein gong eksamensvakt på eit av dei danna Oslo-gymnasa og fordreiv tida med å lese sidemålsstilane etter kvart som dei kom inn. Meir enn noko fortalde det meg at for dei som bur i eit så urbant strøk, er nynorsk ikkje norsk, men gresk. Det er eit så framandt mål at det urbane hovudstads mennesket med glatt andlet, kan prale med at det forstår han ikkje eit kvekk av. Den mangel på kunnskap folk normalt skjemmest over og held for seg sjølv, er i tilfellet nynorsken noko ein beint fram kan kokettere med.

For ein nynorskjournalist byr det å skrive på eit så framandt mål i ei hovudstadsavis difor på spennande opplevingar. Kvar dag er ein Aasen-dag. Kvart år er eit Aasen-år, ein vedvarande strid for respekten for ditt eige mål, ein uopphøyrleg kamp mot kunnskapslaus korrektur, mot bokmålstitlar til nynorsk tekst, mot klaundervelske bilettekstar og ingressar, mot den skrikande mangelen på det språklege medvitet som for oss nynorskbrukarar ikkje berre er naturleg, men eit vilkår for å overleve. Det er difor vi heilt sikkert også kan skrive det beste bokmålet, om vi må. Det

gjorde eg i mine første journalistår. Det var ingen kunst, men å vinne attende morsmålet var for meg ei enorm språkleg frigjerung.

Eg har ikkje anna råd å gje norsklæraren, enn at han må få urbane elevar til å forstå at det ikkje er noko rart eller mystisk med nynorsken, men at det er eit heilt enkelt og lettfatteleg norsk. Vi andre veit at det er både enklare, betre og meir lettfatteleg enn bokmålet, men ein kan ikkje forlange for mykje heller av dei stakkars byfolka.

Det eg lærde av norsk, lærde eg i folkeskulen, frå ein lærar av den såkalla gamle skulen. Han analyserte setningane framlengs og baklengs og lærde oss kva ei fullstendig setning var. I journalistikken er det i dag gløymd lærdom. Dei grammatikalske nemningane hugsar eg ikkje lenger så mykje av, men det vart eit grunnleggande element av språkkjensle som sidan har vore lagra i undermedvitet. Etter det hugsar eg lite av norsktimane i dei vidaregåande skulane, der norsklektorar av Elias Ruklas type berre passerer revy. Eg skydde litterære stiloppgåver eller oppgåver som fordra kunnskap om eit spesielt emne, for ikkje å snakke om å analysere ein gitt tekst. Den einaste stiloppgåva eg hugsar lydde slik: «Uret, ein nyttig tenar, men også ein farleg herre.» Det var ei ønskjeoppgåve som vi fekk til opptaksprøva til realskulen, den gongen det var slike opptaksprøver. Det var ei oppgåve du kunne skrive i hytt og pine om utan å vite noko som helst, i pakt med ein rotfesta hang til intellektuell latskap eg sidan har freista å reindyrke. Det var ei oppgåve like tøyeleg som denne artikkelen.

Etterpå har eg opplevd å få ein avistekst brukt i ei lærebok i norsk språk og litteratur, med elevoppgåver og full pakke. Teksten er eit intervju med multi-kunstnaren Synnøve Persen som var den samiske kandidaten til Nordisk råds litteraturpris. Det første ho seier, oppsummerer på mange måtar denne artikkelen sin idè: «Då eg lærde meg å skrive dikt på morsmålet, kom dikta av seg sjølv. Det var som å opne ei demning.»

# Tenk so er det bondefest!

## Prolog til bondefesten i Aalbus i 1947

Av Ingrid Berg

Tenk so er det bondefest!  
Det er vanskeleg å tru det mest,  
for no er det både år og dag  
sidan bønder i Jølster var samla til festleg lag.  
Men våre tankar og bugmål vi ikkje gløymde,  
om enn vi i bardår dei kanskje gøymde  
so trottug vi var,  
i strev på vår gard.

Vår heim bar vi fått ber lunt under lid  
der fedrar bar streva si beile tid.  
Der son etter far gjennom ættleder mange  
so trufast streva i tider og år så lange.  
Tidi hadde då som no sine krav  
og livet vart ofte eit slit frå vogga til grav.  
Levde dei gjorde ikkje utan sut.  
Dei måtte greia smøret og kjøtet til presten og fut.  
Og på garden måtte gjerast alt som dei trong,  
so arbeidsdagen var alltid so lang.  
Men sin bugnad dei fann  
endå tørnen var strid både for kvinna og mann.  
Ofte var jordi både steinfull og skrinn.  
Men strevet dei gløymde når i haugula sval og linn  
dei såg gyllande åkeren duva.  
Då hadde dei løn for å lida.  
Då såg dei at det var fagert å strida.  
Dei dyrka den norske jord.  
Dei lærde å elska landet der langt mot nord.  
Dette landet med tindar og tårn,  
med snøkvite kollar,  
med grønkande vollar.  
Med fjordar både store og små  
so djupe og blå.  
Og kom ber dei som ville landet berja,  
so var ber dei som kunde det verja.  
Når varden den lyste på bøge nut,  
då bar den bod til den norske gut.

Men tidene skifte og krava med dei,  
det bar bonden fått røyne.  
Industrien den slo i landet vårt rot.  
Det vart byar og tettbygde strok.  
I ulike yrke og ulike kår,  
grobotn for ulike liussyn ein får.  
Folk i dei andre yrke til samarbeid gjekk,  
og stetta krava dei fekk.  
Det vakte nok ofte litt strid  
når dei kravde høgare løn og kortare arbeidstid.  
Men dei tok det lekk for lekk,  
og gjennom det gjekk.  
For bygdeungdomen det ikkje stor  
framtid i bondeyrket låg.  
Difor dei og etter andre yrke såg.

So mang ein ungdom drog bort frå jord,  
frå heim og far-  
bort frå sin ættargard.  
Men or skoddegrå natt det grydde  
so smått av dag.  
Vi fekk vårt Norges Bondelag.  
Eit lag med tru og vom og vilje vak,  
som kunne tala bondens sak.

Då krigen kom og so mykje sette på ende,  
då trudde nok mange  
at no måtte folket til jorda seg vende.  
No fekk dei nok sjå  
kva som var det einaste å lita på.  
For folket måtte ha mat for å leva,  
og jordi einast kan maten gjeva.  
Og krav på krav etter det som jordi gav,  
dei fekk og bonden vilt av.  
So vart det å bøye seg, strekkje og tøye seg,  
vollar å vende for åker å verte.  
Dei som ville hjelpa med all denne mataukingsvinna,  
dei var ikkje alltid so lette å finna.  
Æra vere den jenta og gut,  
anten dei so var frå by eller land,  
som då gav ei hjelpande hand.  
Om dei ikkje med store ord vert fagna,  
so var dei med og hjelpte vårt folk  
å halde ut til det dagna.

So samlast vi atter under kornbandets merke.  
Og just i dag, vi treng vårt bondelag.  
Vi kan ikkje vente at dei som aldri bar  
balde i spade og spett,  
skal forstå å beude vår rett.  
Nei, der må vi sjølve take eit tak,  
og føre vår sak.  
For ikkje det nyttar å tru  
at tidi skal soleis seg snu,  
at alle kan bondeyrket forlate.  
Og difor stellast det må,  
slik at desse ei framtid for seg og sine kan sjå.  
Det må bli likestilling for alle,  
anten dei seg bonde, fiskar eller arbeidar vil kalle.  
So lat oss då gå til verket!  
I fylking av sterke,  
under kornbandets merke.  
Vi vil verne vår arv!  
Vi vil tryggje vår stand!  
Vi vil byggje vårt land!  
Må alltid det krossmerkte flagget få vaie fritt,  
på hav og langs krokute strand,  
over dal og bei, over fjell og nut,  
og i verdi so vide ut!

## *Ingrid Berg*

Ingrid Berg døydde no sist sommar. Den 20. Juli sovna ho stille inn, etter eit kort opphald på Jølster sjukeheim, 83 år gamal.

Ho var fødd og voks opp på bruk nr.2 Berg indre. Foreldra var Nikolai Olsen Berg og Oleanna f. Hus frå bruk nr.1 Hus.

Ingrid var eldst av fire systre. Ho tok over garden og dreiv han saman med systrene Jenny og Signy. Med Ingrid Berg er ei lita og lågælt kvardagskvinne, som vi vil hugse lenge, gått til kvile.

Vi hugsar hennar stillferdige veremåte i lyd og grannelag, hennar enkle livsstil der audmjuk vørdnad for alt liv var karaktertrekk som kjennemerkte henne.

Mange er vi som med glede hugsar festar rundt om i Jølster, der Ingrid Berg las sine eigne prologar.

Vi ser henne føre oss, lita og nett, i Sunnfjordbunad, framføre sine eigne prologar. Ikkje med store fakter, men med intens innleving.

Mellom mange, kan prologen til bondefesten i Borgja på Aalhus i 1947, stå som eit vakkert ettermæle over ei kvinne det gjer godt å ha kjendt.

*Olav Støylen*



*Berg-indre 1921. Kornskjering.*

*Frå venstre: Inger Berg, Ingrid Berg, Jenny Berg, Sivert Årset, Oleanna Berg, Andrea Skrede.*

# Om bestar og hestekarar i Stardalen

Av Edgar Holen

Det var vel slik i Stardalen som det var der eg kjem frå i Gudbrandsdalen: Mest alle vaksne mannfolk var, eller ville vere hestekarar. Hesten var omlag like viktig å samtale om som veret når karane møttest, og ein laut sjølvsagt vite noko om sakene for å kunne snakke med.

Dette vesle stykket vart til ved at eg saman med Samuel Veiteberg bladde gjennom nokre gamle utstillingskatalogar. Det kan godt vere det er fleire enn dei som blir nemnde her som var gode hestekarar. Dette blir berre nokre glimt frå ei søge som burde vore mykje lenger. I desse katalogane er det særleg to namn som går att: Ole Z. Høyvik og Nils Befring. Høyvik'en var noko eldre enn Befring'en, og rundt og like etter århundreskiftet ser det ut til at han var årviss hingsteutstillar, ikkje berre på Vestlandet. I 1907 stilte han ut «Osmann Rasksen» i Kristiania og fekk tredjepremie. Ein annan hingst som var i hans eige ei stund, var «Fleitner Torsøn». Denne hingsten bør nemnast fordi han var fødd hjå Hans Veiteberg i Stardalen, - visstnok i 1891. Han vart seinare seld til Vanylven for 1000 kroner.

Hestehandelen tydde forresten ikkje så reint lite for økonomien omkring på gardane. Særleg på dei mindre bruka var det vanleg at ein kjøpte føl eller åringar. Etter at dei var innkøyrde, oftast som toåringar, vart dei selde att. Dette gav forteneste. Dessutan fekk ein på denne måten eit trekkdyr på bruket den vinte-

ren, om enn lassa laut vere små for ein så ung hest.

Bøndene i Stardalen ser ut til å ha vore med i Midtre Nordfjord Hesteavlslag. Nordfjord var det mest namngjetne hesteavlsdistriktet på Vestlandet, framfor størstedelen av Sunnfjord og Sogn. I indre Sogn dreiv dei rett nok med litt avl av dølehest. Nils Befring og seinare S.S.Veiteberg var styremedlemer i hesteavlslaget i mange år. Befring som var ein særst ihuga hestekar, nådde toppen av sin «karriere» med 1. premiehoppa «Ingrid». Ho fekk topp-premie fyrste gong i 1932. Ho vart mor til mange premierte dyr. Ein kan nemne 1.premiemerra «Vigdis», ått av S.S. Veiteberg og «Nilsine» som vart seld til Føleide. Ho vart seinare mor til mange framifrå hestar i Nordfjord. Dei som stilte ut hestar som fekk premie, fekk denne utbetalt i kontantar. I ei tid knapp på kontantar, var nok dette ein god stimulans for avlsarbeidet.

Erik Befring og Per Bakke er også namn vi finn i utstillingskatalogane. Per Bakke hadde ei grå merr som han med rette var byrg av. På ei utstilling hadde ho fått karakteristikken «dyp, bred og typisk». Ho var også ein sers god brukshest. Tollef Flatjord, sjølv hestekar, fortalde om ei hending frå 1905. Det skulle vere folkeavrøysting om unionsoppløysinga. Bygdefolk skulle møte fram i kyrkja for å seie ja eller nei til at regjeringa hadde sagt oss fri frå Sverige. Per kom innom Flatjorda og fekk med seg far til Tollef. Dei var for seint ute til å nå sjølve preika, men dei visste at

presten Astrup bruka å stå lenge på stolen, dessutan hadde dei no raskaste merra på lang lei framfor karjolen! - Jau-då, dei kom tidsnok til å få sagt sitt ja til unionsoppløysinga. Hadde det ikkje vore for ei grå merr i Stardalen, hadde det vorte to stemmer mindre, og vi hadde hatt eit anna tal i historiebøkene. Det er det litt moro å tenkje på.



1. premiehoppa «Ingrid».  
- Eigar: Nils Befring



# Organisasjons- og foreinings- verksemd i Jølster ved hundreårsskiftet

Av Stig Årdal

Følgjande framstilling er på grunnlag av mi hovudoppgåve «Jordbruket i Jølster 1850-1910».

Den tilmålte spalteplass tillet ikkje at eg kjem inn på alle problemstillingane som oppgåva tar opp. Det kan likevel kort nemnast at den søker å forklare noko av samfunnsutviklinga i Jølster i siste halvdel av 1800-talet på bakgrunn av faktorar som driftsform og næringsgrunnlag, utvikling i folketal og produksjonsutvikling. Summen av endringane i desse faktorane gjorde at vi ved inngangen til 1900-talet kan tale om at ei ny tid er i ferd med å feste seg. Denne utviklinga var ein konsekvens av ei generell omforming av det norske samfunnet av økonomisk, politisk og sosial karakter. For jordbruket bar utviklinga preg av meir teknologisering av drifta og produksjon for sal, samt at den eksisterande bruks- og driftsstrukturen vart endra. Produksjon for marknaden og mindre vektleggjing på sjølvberging gjorde at pengeøkonomien vart viktigare. Folkeauke, urbanisering og industrialisering gav større marknad for jordbruksprodukt, og utbygging av kommunikasjonane gjorde at den ekspanderande marknaden vart lettare å nå. Endra marknadstilhøve stilte nye krav til effektivitet i produksjonen. Oppløysinga av den tradisjonelle bruksstrukturen (utskiftinga) var til dømes ein konsekvens av dette. På denne tida sette også styresmakter og jordbruksorganisasjonar i verk tiltak i form av økonomistønad, spreiding av kunnskap og tilretteleggjing for omstillingar for å effektivisere og modernisere jordbruket.

## Organisasjonsverksemd i Jølster

Etablering av organisasjons- og foreiningsverksemd rundt hundreårsskiftet var ein konsekvens av dette. Nettopp årsakene til oppblomstringa av slike samanslutningar seier noko om den generelle samfunnsutviklinga i denne perioden. For Jølster sin del ser vi at det på slutten av 1880-åra knapt kan sporast slik aktivitet, medan det i det første tiåret av 1900-talet var etablert ei rekkje lag og organisasjonar av ulik karakter. Av dei ulike typar tilslutningar kan det nemnast feavlslag, innkjøps- og handelsforeiningar, forsikrings- og bankverksemd, samt ulike ungdomslag. På denne tida vart det også etablert meieriverksemd i nær alle grendene bygda.

Dei tidlegaste freistnadane på jordbruksøkonomisk organisasjonsverksemd i Jølster kan sporast tilbake til

1859. Då vart «Jølster landboforening» skipa. Føremålet var å «virke til forbedring av jordbrugsdriften og fremme af anden for bygdens indvaanere nyttig virksomhed».

Det vart blant anna gjort gjort forsøk med innkjøp av okse og vær til bruk i avlen. Selskapet var ei underavdeling av Nordre Bergenhus Amts Landhusholdningsselskab. (seinare Sogn og Fjordane jordbrukssekskap.) Medlemmene skulle velje tre styrepresentantar – formann, varaformann og kasserar. Lensmannen i bygda, Poulsen, vart valt inn som formann, presten, ved namn Hansen, fekk vervet som varaformann og gardbrukar Bendik Johs. Nedrebø vart sitjande som kasserar. Nedrebø finn ein seinare att som ordførar i Jølster.

Det kan sjå ut til at selskapet fekk ei relativt kort levetid. Det sist skrivne materialet etter verksemda er innkalling til møte i desember 1865, og foreininga er heller ikkje nemnt i seinare lensmannsmeldingar. (Lensmannsmelding: Rapportar som lensmannen måtte skrive pr. 5. år om blant anna den økonomiske utviklinga i distriktet.)

## Endring av bruksstruktur

Kva kan så vere grunnen til at det ikkje i nokon grad var grunnlag for ein slik organisasjon i 1850-åra, medan det ved hundreårsskiftet vart etablert mange ulike foreiningar, både av økonomisk og sosial karakter? I det norske jordbruket kom det som skissert innleiingsvis til store endringar med omsyn til driftsform og produksjon, noko som òg Jølster vart prega av. Oppløysinga av den gamle bruksstrukturen (utskiftinga) var her av grunnleggjande betydning. Denne gav grunnlaget for eit betre og meir rasjonelt jordbruk. På same tid skjedde det også merkbare endringar i sosial haldning. Den gamle bruksstrukturen med teigblanding og fellesskap hadde som føresetnad at brukarane heile tida måtte innordne seg etter djupt rotfesta rutinar og vanar. Den tungvinte bruksstrukturen som teigblandinga førte med seg, gjorde at den einskilde vanskeleg kunne gjere noko utan å heile tida ta omsyn til korleis det passa inn i fellesskapet. Aktivitetar som såing om våren, slått og innhausting måtte til dømes gjerast i nært samarbeid med naboane. Ein kunne heller ikkje gjerde inn si eiga innmark og hindre buskapen frå dei andre å bei-

te på sitt område. Dette førte til dømes til at det var vanskeleg med dyrking av kunsteng. Det meste av aktiviteten vart på denne måten retta mykje inn mot gardens felles interesser, noko som la premissane for produksjonen. Dei som sat på bruka innanfor garden kunne ikkje gjere noko som gjekk utover desse. Gardsskipnaden i bygdesamfunnet før utskiftingane var såleis tufta på eit så tett samhald at det omfatta omlag alle gjeremål i kvardagen. Når den gamle bruksstrukturen blei broten opp, vart brukarane i langt større grad overletne til seg sjølve. Dette gav rom for større grad av individualisme. Etter kvart vart det etablert nye band utanfor det gamle gardsfelleskapet, nye former for samarbeid oppstod, og det framstod nye sosiale relasjonar. Driftsstrukturen før utskiftinga gjorde at det ikkje i så stor grad var trong eller høve til å engasjere seg utover grensene til garden. (I denne samanheng tyder omgrepet gard òg ein matrikkelgard. Òg ein matrikkelgard omfattar fleire bruk.) Det er såleis ikkje utenkjeleg at lokalsamfunnet reint sosialt i 1850- og 1860-åra ikkje var mogen for den type samarbeid som ein slik organisasjon representerte. Dei strukturelle føresetnadane var enno ikkje til stades. Skulle nye samarbeidsformer slå rot, måtte det først skje eit brot med den tradisjonelle organiseringa av driftsstrukturen.

### Nye baldningar

Utviklinga i siste halvpart av 1800-talet kan illustrerast av måten dei ulike lag og organisasjonar vart etablert på. Som det går fram av dei som vart valt inn i leiinga av Jølster landboforening i slutten av 1850-åra, var det bokstaveleg talt «lensmann og prest» som gjekk i brodden for tiltaket. Initiativet kom såleis «ovanfrå», og oppslutnaden frå den jamne brukar ser

ut til å ha vore liten. Av møtereferatet frå stiftinga går det fram at selskapet hadde 26 medlemmer. Det eksisterar også ei liste med «Fortegnelse over medlemmerne af Jølsters Landboforening». Her kan det teljast 35 personar som er registrert som medlemmar i 1859. På 6 av desse er det imidlertid ført på merkna- den «udgaar». Etter dette året er det ifølgje denne lista berre ein ny person som er skriven inn. Det er så seint som i 1864, og personen er den nye lensmanne- ne i bygda, Landmark. Ut frå desse tala må det difor kunne seiast at tiltaket ikkje fekk nokon brei oppslut- nad i bygda, og det ser ikkje ut som at det fekk fot- feste utover nivået i 1859.

Fellesnemnaren for samanslutningane som oppstod rundt hundreårsskiftet er at dei vaks fram etter initia- tiv frå brukarane sjølve. I dette må det ligge ei ny erkjenning av føremonane ved organisert samarbeid for å ta vare på dei ulike interessefelt.

### Pengeøkonomi

I tillegg til at organisasjonane med økonomiske og driftsmessige siktemål fekk stor betydning for den generelle utvikling av jordbruket i bygda, represente- rer dei òg ei utvikling frå produksjon basert på sjølv- berging til at ein i større grad omset sine varer i form av kontantar. No var likevel ikkje jølstringane frå tid- legare av uvande med å omsetje sine produkt i form av pengar. Til dømes var storfeproduksjonen i bygda sterkt spesialisert, og det var vanleg med utførsle av storfe og hest, samt storfeprodukt som smør, talg, skinn og ost.

Etableringa av jordbruksøkonomiske organisasjonar og foreiningar, bankverksemd og assuranseforeining- ar viser at pengeøkonomien må ha blitt viktigare. Alle lag og selskap som er ført opp under innkjøps- og



## Oversikt over organisasjons- og foreiningsverksemd

### Etableringsår Foreiningstype og namn

	<b>Feavlslag</b>
1904	Klakegg og Bolset kvegavlforening
1906	Årdal og Helgheim kvægavlforening
	<b>Innkjøps- og handelsforeiningar</b>
1901	Aalhus sogns handelsforening
1901	Orken innkjøpslag
1902	Grungen landbrukslag
1903	Årdal og Helgheim landboforening
1908	Stardalen jordbrukslag
	<b>Forsikring og bankverksemd:</b>
1900	Jølster sparebank
1899	Jølster Brandtrygdslag, frå 1903 Jølster Gjensidige Brandtrygdslag
1909	Jølster Hesteassuransse
	<b>Ungdomslag:</b>
1888	Stardalen kr. ungdomslag
1899	Myklebust ungdomslag
1901	Gjesdal ungdomslag
1901	Orken ungdomslag
1905	Aalhus gamle ungdomslag
1907	Skei ungdomslag

Tabellen er utarbeidd etter hovudkatalogen for Jølster lokalhistoriske arkiv.

Det vart på denne tida også etablert fleire kvinneforeiningar, og i 1907 vart Jølster lærarlag skipa. I tillegg til dette skal det i 1905 ha eksistert tre landboforeiningar som var tilslutta Nordre Bergenhus Amts landhusholdningsselskab. (Seinare Sogn og Fjordane landbruksselskap) Disse var Aalhus Sogns Landboforening, Stardalen landboforening og Årdal og Helgheim landboforening. Det er berre det sistnemnte som det er innsamla materiale etter. Av lensmannsmeldinga går det heller ikkje fram når dei to andre foreiningane vart etablert.

handelsforeiningar hadde til dømes som føremål å kjøpe inn naudsynete jordbruksartiklar. Føremonane ved å gå saman i innkjøpsforeiningar kjem til uttrykk i føreskriftene til Aalhus sogns handelsforening. Denne hadde som mål «ved fælles indkjøb at forskaffe gode varer til billigst mulig pris samt modarbeide kreditens misbrug». Kunstgjødsel, kraftfor og grasfrø var blant dei viktigaste varene som vart kjøpt inn. Det var ved hundrårsskiftet at bruken av desse vareslaga tok til å gripe om seg. Også andre daglegvarer stod på lista over innkjøpte artiklar. Til dømes kjøpte Aalhus sogns handelsforening også inn artiklar som kaffe, sukker, smør, mjøl sirup, såpe og tobakk. Blant varene var også spiker, hestesko og tau. På innkjøpslista til Orken Indksjøbslag stod varer som mjøl, spekesild, sukker m.m. Desse opplysningane må tyde på at det er blitt vanlegare å bruke kjøpevarer i dei daglege gjeremål. Lista over artiklar som vart kjøpt inn, omfat-

tar både varer som det for få år tilbake ikkje var vanleg å ha i hushaldet, samt produkt som det har vore vanleg at bøndene sjølve har tilverka. Utfrå dette kan det sjå ut til at varehandelen aukar i omfang, og at kjøpevarer i større grad held på å få innpass i bygdesamfunnet. Det vert med andre ord viktigare å omsetje sine salsvarer i pengar, eller på annan måte ha tilgang til kontantar, noko som framvoksteren av bankverksemd, assuranse- og trygdslag ytterlegare strekar under.

Omveltingane i lokalsamfunnet etter utskiftinga, og kostnadane til nyreising som dette må ha ført med seg som følgje av blant anna utflytting frå dei gamle fellestuna, må også ha vore faktorar som gjorde at trongen for kontantar vart sterkare. Auka dyrking og kultivering av marka må ha verka i same lei. Den same verknaden må også etableringa av dei mange meieria i perioden ha hatt.

Frå slutten av 1800-talet var det sterk auke i talet på matrikulerte bruk. (Matrikulerte bruk: at det vart rekna skatt av bruket, med andre ord at det vart registrert som sjølvstendig frå å ha vore ein husmansplass under eit anna bruk.) I dette tidsrommet gjekk talet på husmenn sterkt attende, på same tid som at det var lite rørsle i folketalet. Dette kan tyde på at husmennene kjøpte opp plassane dei sat på og vart registrerte som sjølvstendige skattebetalarar. Ein av føresetnadane for dette må ha vore at næringsgrunnlaget vart meir differensiert. Husmennene kunne vanskeleg livberge seg sjølve og familien berre på grunnlag av avkastinga frå husmannsbruka, samstundes som dei også skulle betale inn skattar og avgifter. Det er difor truleg at dei måtte ha tilgang til kreditt ved matrikulering av plassane.

Rundt hundrårsskiftet må det såleis ha vore ein mykje sterkare trong enn tidlegare for ein institusjon som kunne kanalisere kontantar og yte kreditt til dei ulike aktivitetane. Oppblomstringa av dei ulike lag og organisasjonar rett i ettertid av etableringa av bankverksemd i bygda, tyder også på at det må ha vore eit nært årsakstilhøve mellom desse to faktorane. Det

vert då peika spesielt på dei ulike jordbruks-og innkjøpsforeiningane.

### **Mot ei ny tid**

Ved hundrårsskiftet organiserte bøndene seg i sterkare grad enn tidlegare utover gardsgrensene. Aktiviteten vart på denne måten meir utadretta, og gamle rammer for sosialt samvær vart sprengde. Som oversikta over organisasjonsverksemd i Jølster syner, var det ikkje berre jordbruksforeiningar med økonomiske siktemål som vart skipa i denne perioden. Laga femde om aktivitetar som var retta inn både mot arbeid og fritid. Lagsarbeid og foreiningsverksemd gav innbuarane tilbod om nye former for sosial tilslutning og fellesskap. Her traff ein òg folk frå ein vidare omkrets enn garden og grenda, og impulsar utanfrå kunne såleis lettare få innpass. Organisasjonsarbeid førte også med seg nye kunnskapar i allment samfunnsarbeid, noko som etter kvart skulle få aukande betydning etter kvart som det gamle bondesamfunnet endra karakter.

## ***Ka seie du ka sa du, ka meine du me da du?***

Trass i dårleg kritikk frå Firda vågar vi oss til med ei ny.

Det har ikkje nett hagla med innlegg så det kan hende at det med jølstramålet var for snevert. Difor vil eg då køyre ut sjølv og ta opp eit språkfenomen som har kome fram i den seinare tid. Eg har merka at ordet flesk held på å gå ut av bruk.

Dette er slettes ikkje tilfeldig.

Det starta med at slakteriorganisasjonane gjekk over til å kalle det svinekjøt, så følgde alle etter, og NKF der «F» stod for flesk blei til Norsk Kjøt.

Flesk finn ein heller ikkje brukt i offentlege skrifter.

Det faktiske forholdet er framleis at grisen berre har 54% kjøt, desidert minst av alle husdyra, og at saue- og storfe-haldarar slett ikkje har økonomisk interesse av namneskiftet.

Språkleg vil vi snart få store pedagogiske problem med ei heil bråte med uttrykk knytta til flesk.

Vi seier ofte at den og den utsendingen til årsmøta i Vestlandske Salslag er med på «kjøt og flesk».

Det blir naturlegvis også brukt om kommunestyremedlemmar.

Elles uttrykk som «smør på flesk». For ikkje å snakke om «valflesk».

Norsk Kjøt og Flesk var eit namn med litt sving over og namnet er på folkemunne einerådande enno, så det er ikkje for seint å gå tilbake.

Dersom det skal bli Noregs mållag som skal fremje denne saka så blir det sikkert ei stund før det blir noko særleg makt bak kravet.

Vi får ta det opp med ho Anne, kulturministeren.

Sidan eg høgjer flesket skal eg avslutte med eit positivt ordtak frå Ivar Åsen «Den som elsker flesket kan ikkje hate grisen.»

Nyt juleflesket.

*Magnar Juklestad*

## *Glimt frå Jølster*



*Skjolden ved kaia på Skei  
siste året den var i drift.  
Personane på biletet er  
ukjende.  
Foto: E. Eide*



*Vegarbeid på Strand,  
truleg fyrst på 30-talet.  
Foto: T. Sandal*



*Jonsokbryllaup.*

*Framme: Jorunn Ripe, Steinar Eide, Håkon Lavik, Halldis Helgheim, Aslaug Ripe, Liv og Edrun Gåsemyr.*

*Bak: Hallvar Viken, Anny Skrede, Solfrid Paulen, Åsa og Eva Eide, Astrid Lunde, Solborg Søbo.*

*Foto: E. Eide*




*17. mai 1949.*

*Frå venstre: Magni Myklebust (Pertunet), Aud Myklebust (Runnane), Kari Sandnes (Åsen), Jorun Myklebust (Pertunet), Nora Myklebust (Ystunet), Engel Helgheim.*


*Foto: T. Sandal*




Truleg på Hus-stølen. Brødrene Anders Eide og Elias Eide ca 1935.  
Foto: E. Eide



Talina Eide og Steinar Eide ca. 1940. Steinar døydde  
i 1941.  
Foto: E. Eide




Talina Eide. Bilete teke på Lunde i 1958.  
Foto: E. Eide



Fossheimstøylen Ytre, stølsdrift 1936. Personane er: Jobs. Hegrenes, Johan Indrekuam. Budeier: Borgbild Fossheim (Eide), Bergfrid Åland (Øvrebø). Bak til bøgre: Audbild Viken.  
Foto: E. Eide



Juivatnet på Fossheim. Vi ser: Steinar Eide, Signy Håheim, Agnar Fossheim, Eva Eide Hauge.  
Foto: E. Eide



Kyraslepp i Kjøsnesfjorden.  
Foto: E. Eide



# Jenta og drengen –

## Ei soge frå gammal tid

Av John Svidal

### Samandrag del 1 og 2

Lars Jølet, 18 år, bar gått over isen frå andre sida av vatnet. Han skal vere dreng hjå Anders Fjæreteigen. På garden bur Anders, kona Brita, som ligg sjuk, og dottera Synneve. Ho er jamaldring med Lars. Fyrste arbeidsdagen, 14. april set Anders Lars til å køyre møk ned på åkeren. Etterpå dreg Anders for å bente presten til Brita. Lars er ubeldig allereide med fyrste lasset. Eit tingledrag losnar og lasset kvelver. Hesten kjem seg laus og spring ut på landlosnande is. Lars spring etter, men isen brotnar og han går under. Dei som er med og hjelper til på åkeren, kjem til med greva sine og bergar både besten og ein medvitslaus Lars til lands. Der bar også Synneve kome til. – Komne til tuns, får dei av Lars dei våte kleda og han blir lagd framfor grua. Ved kveldsbel er Anders komen heim med presten. Brita får sakramentet. – Presten lyt overnatte i koven medan Synneve må liggje i lisjestova.

### Jenta og drengen – del 3

I ljosken av nedbrennande ved i grua, drog Anders av seg vadmålsbrokja med kniv og belte og hengde henne på sengjakodden. Den melerte «ondebrokja» let han vere på, om han skulle måtta eit ærend utom døra om natta. Han jamna noko på sengjehalmen før han kvelvde seg innåt veggen. Det var så god ei lege når ein var trøytt etter dagen. Og denne dagen hadde han gått langt med den vonde foten. Brita hadde nokre hosterier. Frå koven høyrde han kor presten snorka. Det var ein jamn dur. – Elles var det roleg og stilt. Anders var så trygg i det han sovna av. Det var som om Gud var i stova. –

Ut på natta måtte Anders ut på dørhella i eit naudsynleg ærend. Han stod lenge i det stummande mørkret. Han hadde hatt plage med dette den siste tida. Det var visst noko som kom med åra hadde han høyrte – og slo seg til tols med det. Det var elles ein kald trekk rundt nova. Han kom seg fort innatt i senga då han var ferdig.

Dagsljuskjen seig inn gjennom dimme glas då Anders vakna. Starane hadde alt teke til å kvitre og syngje utanfor veggen. Det var så kjekt med desse fuglane som kom att kvar einaste vår. Dei varsla lysare tider medan dei bygde reir på sperrestokken. Anders grunda på om det var dei same som året før. Dei var så like. Dei eldest visst ikkje, dei . – Anders

fekk på seg brokja og drog åt beltet. «Korleis er det med deg Brita?» Ho svara ikkje. Anders gjekk til sengekråa og ruska i Brita. Men ho var stiv og urørlig, låg bakover med hovudet og stirde på han med auge som brosten glas. Uhyggja gjekk gjennom merg og bein. Ho var død.

Ho var ei anna Brita no. Han sprang fyrst og fekk opp ljoren, så eine stoveglaset og til sist opna han alle dørene heilt til tuns. Sjela måtte få komme ut i rømda. Det hadde han sett og lært av far sin. Han sette seg ved bordsenden med hovudet i hendene og tenkte. Han var no enkjemann for andre gong. Tankane gjekk til Siri, fyrste kona, som han elska og sette så høgt – heilt frå barndommen av. Det var ei tung bær å bere då ho døydd på barsellseng den gongen ho Synneve kom inn i verda. Det var berre eit under at ikkje barnet strauk med og, i eit blodbad han minnst med gru. Han fekk ein skrekk i seg den gongen. Seinare kjende han seg skuldig i at Siri gjekk så tidleg bort. No var det ho Brita som ikkje var meir. Tankar og minne om så mangt, gjorde han skamfull.

Brita hadde han kjent sidan dei gjekk for presten. Det var lenge sidan, – kva år det kunne vere, var litt dimt. Men han hugsar det var det året dei flytte stallen og bygde han opp attåt løveggen. Det var mange som lo då dei skar hol i løbordtaket slik at hesten kunne ete rett frå halmstålet.

«Det var vanskapt», var det ein som sa.

Brita hadde ofra seg til fullnads på garden. Ho var eit arbeidsjarn som stod på seint og tidleg. Ivar og Synneve hadde ho vore med og fostra opp som om dei var hennar eigne. Dei visste ikkje om nokor anna mor. Han hadde aldri fortalt det. Anders kunne vere open og utovervend i mangt, men dette hadde han tagt om.


Så vart det «brulsj» og ståk i koven. Det var presten som tok til å røre på seg. Han sette i å syngje så det høyrdest i heile sperrestova:

«Morgenstund har gull i munn.

Me oss til arbeid skundar  
som fuglen flyg avstad so glad  
og utkvidd syng sitt morgon-kvad,  
i lier og i lundar.»

Synneve kom setjande inn. «Kva er det far? Alle dører og glas er opne. Det er så kaldt!»

«Mor di er død,» svara han. Synneve snudde seg. «Å nei, – mor!» Ho brast i gråt, sprang ut og innat i lisje-



stova. Ho fall saman. Ho kjende seg så åleine om alt som skulle gjerast, sjølv om dei no hadde fått ein dreng til gards. Det var stell av alle dyra, matlaging og husarbeid, og så vår- og sommarvinna som låg framfor!

Det rauta frå fjøset. Synneve sprang dit. Det var Gråros som rauta, riste i bandet og sytte. Synneve tok kua om halsen og klappa henne medan tårene draup. Det var som ho Gråros skjøna at det var noko ekstra som stod på. Gråros, sølvgrå og med kvit trekant i panna, hadde vore Brita sin personlege eigedom. Ho hadde fått henne som vederlag der ho sist tente, den tid ho flytte saman med Anders.

Lars kom frå løa med ei stor høybør. Han kvakk då han såg Synneve stod ved kua og gret. – «Har det hendt noko gale?» spurde han i det han hivde høyet frå seg. Synneve kom han i møte, tok han om halsen og hulka: «Det er godt du hjelper meg, mor mi er død!» «Kva seier du?» Han fekk ikkje fram meir. Det gjekk ilingar gjennom kroppen, han stod og visste ikkje korleis han skulle bere seg åt. Han greidde ikkje syne kjenslene sine, – han var var eit barn av si tid. Der stod han med ei gråtande jente tett innpå seg, og dyra stod storøygde og såg på.

Synneve slepte taket og tørka tårene med flettene. Lars delte høyet utover så langt det rakk. «Eg vil hjelpe til så godt eg kan,» fekk han etterkvart sagt i det han ville hente meir høy og vatn til dyra. «Synneve, Synneve,» hørte dei det ropa, og såg Anders stå i

fjøs døra. «Synnøve, er Lars her og? De må komme ned i stova, presten vil snakke med dykk før han dreg.» Lars ville helst ikkje, han kunne stelle dyra mellombels. Men han måtte plent vere med.

Presten gjekk att og fram på støvegolviet i den fotside svarte kapp med sølvkross på bringa, då Anders, Synneve og Lars steig inn. Presten tok Synneve og Lars i handa: «God morgen, mine gode forhenværene konfirmanter. Jeg vi be dere ikke fortviles i slik en stund. Jeg tror Brita er kommen frem til salighet hos den Allmechtige Gud. La oss repetere fra Skriftenene.» Anders sette seg på sin faste plass ved bordsenden og presten, Synneve og Lars på langsida ved vindauget. Presten drog opp frå kappelomma ei lita bok og bladde i henne. Det var Erik Pontoppiddans forklaring til Luthers katekisme, «Sannhet til Guds frygtighet». Presten meinte det høvde seg å repetere tredje trusartikkel, og med rungande røyst las han medan dei andre mulla med: «Jeg tror på den Hellige ånd, en Hellig alminnelig Kirke, de helliges samfunn, syndernes forladelse, kjø-

dets oppstandelse og det evige liv.» Han bladde vidare i boka og las om kva det evige liv var, men også om evig død og om kven som kjem i helvete til evig død og pine. – Anders tenkte på seg sjølv - han stod vel for tur han og snart. Han kom i anfektelse. – Lars skalv der han sat – og såg for seg det svarte, botnlause holet han hadde vore i dagen før. Han hadde vore nær! – Synneve var roleg no. Ho gret ikkje lenger. Presten meinte at mora var kommen i himmelen og at ho hadde det godt.

Presten drog til seg ambaren som stod på bordet. Det var vin att, og han delte ut sakramentet til alle ved bordet. Brita låg med utildekkka andlet i senga. Lars sat for det meste og såg i den andre veggkråa ved sida av døra. Han likte seg ikkje. Han hadde ikkje sett døde menneske før.

Synneve gjekk til skåpet og fann fram ein linduk som ho la varleg over andletet til mora.

Presten reiste seg frå bordet. Han måtte komme seg i veg, meinte han, det var nok dei som venta på han. Synneve sa han skulle få mat før han drog. – Men, «nei, det får bero til jeg kommer tilbake i gravferden.» Synneve sprang likevel avstad og henta eit spekekjøtlår. «Dette er jo en fin gave. Mange takk Synneve,» sa han i det han tok kjøtlåret under eine armen og ambaren med resten av den portugisiske vinen i høgre handa. Så rusla han ut over Seljehaugen og vidare innetter Den Trondhjemske Postveg.

# 5. klasse ved Vassende skule 1997/98

Ei lita stjerne  
på himmelen.  
Det er ein liten del av  
Karlsvogna, men  
den er så liten  
at vi nesten ikkje  
kan sjå den.



*Gisle Jordanger Kirkeeide, 10 år*

\*\*\*\*\*

Regnet er vått og kaldt  
og så kjem sola  
og regnbogen min.

Dinosaurar er store og farlege  
men plutseleg må dei ned på bakken  
til og med dinosaur Rex må ned på bakken  
for der kjem Norvald.

*Joachim T. Sunde, 10 år*

\*\*\*\*\*

La sola lyse og skine på regnet  
og lage skinande reine fargar til  
ein regnboge på den blå himmelen

To hjortar hoppar  
så muntert gjennom skogen  
Ein hjort står mutters åleine.

*Åsta M. J. Urdal, 10 år*

\*\*\*\*\*

Årstidene  
Sola glitrar i  
tusen, tusen lys.

Regne dryp i  
tusen, tusen dråpar.

Lauva dette ned  
av tusen, tusen vindpust.

Grase veks av  
tusen, tusen dråpar og solstrålar.

*Anja Solbeimsnes, 10 år*

No er det jul  
og no er det bra  
for det seier nissen  
å hipp, hipp hurra!

*Anja Leirvåg, 10 år*

\*\*\*\*\*

Sola er gul  
og himmelen er blå.  
Skyene er kvite  
og vi er bitte små.

*Sigurd Knapstad, 10 år*

\*\*\*\*\*

Vinter  
Eg likar vinteren fordi det er snø.  
Eg likar å ake.

*John Idar Flaten, 10 år*

\*\*\*\*\*

No nærmar det seg jul.  
Og da blir det fullt av  
pakkar og julesongar.

*Rune S. Støfring, 10 år*



Mi siste tid er komen i året.  
Det er nyttårskvelden, det er så vakkert  
å stå der nede  
og sjå på alt som skjer  
der oppe.

*Per Inge Indrebø, 10 år*

\*\*\*\*\*

Høyr bekken susar  
og blomstrane fer vekk  
og isen kjem i bekk.  
No gleder vi oss alle  
for no kjem snøen snart.  
Og vi kan gå på skøyter  
på isen i ei elv.

*Line Hårklau, 10 år*

\*\*\*\*\*

Årene går, men jula består  
med ribbe, brus og pakkar.

*Tor Egil R. Gjelsvik, 10 år*

\*\*\*\*\*

Eg er ein Velociraptor  
med mange klør  
og mange tenner.  
Eg er rask og smart  
det som eg trenger  
til den perfekte jeger.

*Aleksander B. Grønli, 10 år*

\*\*\*\*\*

Haust  
Rim på marka  
fuglane flyttar  
eg frys  
og må kle på meg.

*Rune Anseth, 10 år*

Det eg hugsar best frå vinteren  
var at det var snø og  
skibakken var open.  
Du synest sikkert at det var gøy i skibakken.  
Det syns eg.

*Øystein Fossheim Årdal, 10 år*

\*\*\*\*\*



Før var eg meg sjølv.  
Det er eg ikkje no.  
Før skreiv eg fort.  
Det gjer eg ikkje no.

*Britt Lovise S., 10 år*



Jula er fin og ha  
å få pakkar  
å ete god mat  
å feire at Jesus  
har bursdag.

*Camilla Ananiassen,  
10 år*

Juletider  
Om juletider er det gøy  
fordi det er snø du kan aké og  
gå på ski. Du får pakker og  
kjempegod mat og pynte juletre.

*Gry Ingjerd Øksendal, 10 år*



# Ei avretting

Av A. Egge

Då eg var liten, fortalde far at det eingong vart avretta ein mordar på Jølst. Det gjekk føre seg inne på Helgheims-sanda, inna før kyrkja. Det skulde være ein 19 år gamald gut, som hadde skote ei gjenta og søkt liket ner i vatne, nær Sandnes. Guten vart omvende før avrettinga, og sa at var det so at sola «blenka» yver hove når han vart avretta, so vart han salige. Eg var so liten, då far fortalde det, at eg ikkje skyna retteleg kor det skulde kunne gå føre seg at sola skulde «blenke». Eg tenkte å at ein «blenka» med augo, og skulde sola gjera einslags blenk på himmelen, so var det eit under, og då vart guten salig.

Den dagen han vart halshoggen var det skya veir, sa far, men nett då avrettinga skulde skje, kom sola fram, vonleg ei stor trøyst for guten og dei som såg på eller seinare frette det.

Då skarprettaren hadde hogge hove av, kasta han øksa på vatne, men den vart visst oppatteken, og ska i långe tier vore «dar nere» på Nerbe. No er det ingen som veit kor den er.

Eg totte det var uhygleg å høyra. Far visste korkje kva guten eller gjenta heite eller kva tid det hende, man han sa at endå (kring 1880) viste det ein søkk i jorda, der mordaren var nedgreven.

No har eg funne i gamle, gulna protokollar heile saga om dette følslege hende, og lese den domen mordaren fekk. Den er skreven i jundarlege ordelag, og vitnar helst om den tids grusomheit.

Der stend:

*«At den nærværende misgjernings mand haver frivilligen som Velmodige giord udsagn og bekiendelse her for retten, er det bleven Åbenbar Bekiendt av bannem selv tilstaaet der hand paa Grov og meget tydelig maade som forsættelig have efter den sigtelse og Beskyldning bannem er vorden given, nemlig at hand først med et kvinde Menniske haver haft legemlig omgiengelse og med hende aflet Barn. Dernest at hand samme kvinde menniske ved egne bender og ved en Børse selv ihel skudt derved ombragt og skildet Baaede hende som og hendes foster Baaede ved deres Liv, har giort sig saaledes ej alene skyldig udi formeldte quindes, men endog hendes foster som bannem selv er vorden aflet, og enda saaledes Moderes hjerte, begge deres U-skyldige Blod hvilket ved bannem er vorden udøst, og hvorom dessens egentlige tildragelse Acterne fore give ydermere oplyssning, da som forbemeldte misgjerningsmand, saaledes som anført, sig hørlig og groveligen har forsyndet og ligesom en 3 dobbelt*

*synd berudingden Beganget og det pa forskellige maade, hvilket for et groft mord ansees, kiende og Dømer vi i dag for Rett at hand nemblig forbemeldte misgjerningsmand bannem selv til fortient Retferdig straf og andre Ligesindede Ugudelige mennesker til exempel skræk og afskye sambt til forsoning for det U-skyldige Blod som ved bannem er vorden udøst, Efter den af Deres kongl. Majst. Salige og Høilofligste Ibukommelse, Kong Christian den Femte Allernaadigste udgifne forodning om grove morderes straf dat. 16. oct. 1697 diends Allernaadigste Bydende, bør af skarpretterer knibes med gloende tener, først ved det sted ved gaarden Sandnes, hvor mordet er begaaet og siden 3 de gange i mellem gierningsstedet og Retterstedet, og aller sidst paa Retterstedet. Dernest at hans høire baand levendis afbugges med en øxe og siden hovedet iligemaade med en øxe og legemet at lægges paa Stigle, sambt hovedet tilligemed haanden at festes paa stage oven ogver Legemet, ligesom og hans gods og midler, om hand ellers er noget ejendes er til Kongen, som allene er Herre og Husbonde, efter den dræbtes arvinger, vil selv ere eftermaalsmænd udi sagen, maa der herefter som nu paa Justitias Vegne er og bliver Beroende at være biemfalden, og Alt alt under vedbærlig adferd efter Kongl. Lov og allernaadigste udgifne forordningers bydende.»*

Eg har haurt at kongen benåda han, so han slapp torturen.

I Kyrkjeboka for Sept. 1742 stend:

*«Decolleret N. N. efterat hand var betient med Sacram.»*

Det var presten Rasmus Fischer som hadde skreve det.

Dei gamle hadde eit sagn om at det høyrdes ein undarleg klång då øksa hogg hove av. Det skulde tyda godt for at den avretta vart salig.

*Artikkelen har tidlegare vore prenta i Hyrdingrøysta*

Arne Egge voks opp i Jølster, vart bergingeniør, bla. ved Stord Kisgruver. Budde på Minde ved Bergen. Døydde i 1956.

# Jakob Paulen

## *den djerve krigaren til Tordenskjold*

I sperrestova til gamle Johannes Bolset sit Knut A. Klakegg ein ettermiddag og fortel.

Jakob Paulen var med Tordenskjold båe gongene han tok dei to sterke festningane. I Dynekilen gjekk det såleis til:

Tordenskjold sende to kanonbåtar inn under festninga, og på ein av dei var Jakob Paulen med. Han hadde gjeve påbod om at dei skulle liggja der og skjota. Sjølv gjekk han på land og spæja. I den båten Jakob Paulen heldt seg, var det berre han og ein annan som ikkje vart nedskotne. Dei to sette seg på baktofta og høyrde svenskane ropte: «Far ut att, de nordbaggar, så kan de heller koma att i morgon og skjota med blåbæra dykkar!» Dei kom seg ut att, og gjekk om bord på eit av dei skipa dei hadde teke frå svenskane. Tordenskjold spurde: «No, mine born, korleis står de dykk?» Då svara Jakob Paulen so ilt, for han var hastig og storsint: «Du ser vel kor vi står oss. Det er berre vi to att.» Dei fortalde så kva svenskane hadde sagt. Tordenskjold svara: «I morgon til middag skal me ta dei.» Det vart ein hard bardage. Men før middagen kom, var festninga hans.

Då Jakob Paulen kom heim att, hadde bestemor hans lege til sengs i tre år. Jakob vart så sint at han jaga henne opp. Ho var så veik at ho laut halda seg og gå langsmed som eit lite barn. Men ho kom seg heilt på stovelemmen med eiga hjelp. Seinare gjekk ho oppe til ho fekk sjukdom og døydde.

Den tid hadde dei uniformene spreidde utover bygdene. Son hans Jakob heitte Tollef, og var ein Øye godsleg og stillferdig kar. Han skulle ha tilsyn med uniformene og sjå etter at alt vart vølt. Ein skulle gjera det, og ein annan det. Deretter kom ein løytnant, som skulle gå god for at alt var i orden. Han kom til

Paulen om hausten ein dag i skurden. Gamlingen og Tollef stod og feste korn på staur på hi sida av Paulsvatnet. Så laut Tollef heim i tunet til løytnanten. Gamlingen ropte heim at han kunne gjerne ha seg ut att i åkren og ikkje gå der med denne kjaksen og slengja. Dei heldt på enno ei stund i tunet. Sonen kom ikkje, og sinnet voks. Då dei var ferdige og løytnanten ikkje hadde noko meir å gjera, sa han at han ville fylgja med bort på åkren til gamlingen. «Å nei, det er 'kje umaken verdt. Han er liksom så hastige». Men han skulle bort. Best dei kom fram, der drog vel løytnanten sabelen og svinga han mot Jakob. Han skulle ta orda i seg att. Men gamlingen treiv ein staur, lyfte han mot løytnanten, storma fram og brølte: «Eg har sakta før sett så pass kjeksar i augo som deg!» Då sprang løytnanten, og dei såg han ikkje meir.

– Dei hadde ikkje feit levemåte, soldatane i den tida. Jakob Paulen kunne fortelja at dei fekk havrekorn til å eta. Sume tider fekk dei så pass tid at dei tid at dei fekk to steinar til å knusa det mellom. Så slo dei vatn på og prøvde å koka det. Offiserane kunne skjera kjøt av hestedovene og eta det rått.

Visste dei kva det var å svelta, så fekk dei samstundes røyna kva slit har å seia. Det var fyrst å bryta opp heimanfrå og fotgå til Vadheim, for vegar fanst ikkje. Så var det å slita seg fram på Sognefjorden i båt radt til Lærdalsøyra. Og så nye strie marsar til fots. Til mat var det stundom lite grann i skreppa, men oftast var det å lita på det godt folk gav dei. Harde kår.

– Krutthornet til Jakob Pailen har dei teke vare på til i dag. Det er no på Sunnfjordmuseet.

*Artikkelen har tidlegare vore prenta i Hyrdingrøysta*

***Småfolk få verja seg med Munnen.***

***Eit litet ord gjerer stundom store Verk.***

***Den som beve Hund, han slepp å gøya sjølv.***

***D'er på Målet ein kjenner Mannen.***

***Lange Helgar er Latemanns Lyst.***

***Ein skal vera snøgg i Kjellaren og lenge i Fjuset.***

***Urett verd ikkje Rett, um han endå gjeng lenge ulastad.***

*av Ivar Aasen*

*Såvarer  
Kraftfor  
Kunstgjødsel  
Landbruksmaskiner  
Verkstad*



**VALMET**

TA KONTAKT MED  
BONDEN SIN EIGEN FORRETNING



Bergen tlf. 55 32 55 00  
Skei i Jølster tlf. 57 72 63 30, fax 57 72 63 31  
Etne tlf. 66 544  
5800 Sogndal tlf. 55 67 19 05 • 6900 Florø tlf. 57 74 14 11

# Jostein Sunde A/S

**Autorisert  
maskinentreprenør**

**6850 SKEI I JØLSTER  
Tlf. 57 72 83 32  
Mobil 94 55 85 47**



## Eikås Frisør

EVA ÅRSET • IRENE EIKÅS  
6840 VASSENDEN

Opningstider etter behov.  
Timebestilling  
TELEFON 57 72 75 88

**FOTO - VIDEO - UR  
OPTIKK - GULL  
SØLV - MUSIKK**

**ALF HELGHEIM & CO**

6850 SKEI I JØLSTER TLF. 57 72 83 11 • FAX. 57 72 83 11

FOTO - VIDEO - UR - OPTIKK - GULL - SØLV - MUSIKK



## Jølster Samyrkelag

Avd. 001 – Skei i Jølster – telefon 57 72 83 77  
Avd. 002 – Stardalen – telefon 57 72 89 29

## ***Snikkarverkstad til teneste.***

Vi laga nytt eller resleie det gamle,  
både hus og møblar.  
Visst det ikkje er ubotelæ.  
Kan hende du blir forsuppa over ka vi får  
te.  
Vi hjelpe deg gjerne, da æ no førtrælæ  
å gå jærandslause!

**JØLSTER BYGG AS**

6840 VASSENDEN I JØLSTER • TLF. 57 72 74 15 • FAX 57 72 74 22

## **Jølster Antenneservice**

Årdal, 6850 Skei i Jølster • Tlf. 57 72 66 21

– ALT I LYD OG BILDE  
– RIMELEGE PRISAR

## **MAGNHILD HEGHEIMS VEVSTOVE**

Ålhus, 6840 Vassenden  
Tlf. 57 72 67 05

ÅKLE – LØPARAR – PUTER M.M.  
TEPPE ETTER MØNSTER AV  
NIKOLAI ASTRUP

## **Firma Gunnar Hylderås**

Assortert landhandel  
Medisinutsal  
Kontakmann V. Salslag for Jølster  
Sanddal • Telefon 57 72 66 56

ENTREPRENØR

**Ivar A.**

**Sunde a/s**



6840 Vassenden

Telefon 57 72 72 96 • Mobil 94 55 27 72

*Utfører alt innan tre og betong*

**JØLSTRAHOLMEN**



6840 VASSENDEN – TLF. 57 72 71 35

*Jølstraholmen Senter A.s  
ynskjer dykk alle God Jul og Godt Nyttår!*

Vi vil også i det nye året stå til teneste for dykk:

**DAGLEGVARER**

Lange opningstider 8-22 (laur/sønd. 9-22)  
Godt utval og låge Spar prisar.

**BENSINSTASJON**

Hugs – hos Statoil får du poeng på alle varer.  
Ope 8-22 alle kvardagar (laur/sønd. 9-22)

**VEGKRO**

Ope 20/3-1/10. Vi leverer catering *heile året* – god mat  
rett heim til deg til alle anledningar.

**SERVICEVERKSTAD**

Spør os om tilbod på oljeskift og dekk.  
Distriktets beste prisar på dekk?

**VASKEHALL**

Sjølvaskeanlegg - skånsom mot bilen. Kr. 20,- pr. polett

*Velkomen innom!*





## JØLSTER BIL

6850 SKEI I JØLSTER

Omtrekking av møblar?

Kontakt

Jølster Møbel- og interiørservice

Telefon 57 72 66 12



## VASSENDEN SKYSSTASJON

– drosje –

6840 Vassenden

Tlf. 57 72 71 92 • Mobil 94 56 71 60



Godt utval i  
brød og kaker

**LEFI** BAKERIDRIFT AS  
SOGNDALSBAKERIET AS  
LEFI BAKST AS



6840 Vassenden

Telefon 57 72 72 52

Fax 57 72 74 00



## JØLSTER FOLKEBIBLIOTEK

### OPNINGSTIDER SKEI:

Mandag.....10-15

Torsdag.....15-19

Fredag .....12-17


### OPNINGSTIDER VASSENDEN:

Mandag.....17-19

Onsdag .....17-20

Fredag .....11-14

VELKOMMEN INNOM



Ungane i seng

Småauren vaker

Betalte straumrekninga på veg ut

**N**o søv dei herlege bråkmakarane mine.  
Eg har ikkje høyrte eit ord av Dagsrevyen. Ute lokkar småauren. Eg tek telefonen, får tak i barnevakta. Så ringer eg TeleBanken. Betaler eit par rekningar og sjekkar saldoen. Alt OK.  
Kvelden er min, natta er lang og fisken vaker.

Snakk med oss om TeleBank!

Bank der du er

**SPAREBANKEN**  
Sogn og Fjordane

VI UNSKJER ALLE KUNDANE VÅRE GOD JUL !



# SKEI Hotel

*Sentralt i fylket og landsdelen*

## Meir enn 100 år i reiselivet si teneste

Vår tradisjonsrike familieverksemd følger med i tida og er i dag eit moderne og komfortabelt hotell med 210 senger fordelt på 106 rom med bad/dusj/WC/tlf. 3 nye hotellrom tilpassa rørslehemma (rullestol).

Her er store salongareal og matsal med plass for inntil 300 personar. Dans til levande musikk, bar, folkedansframføring/ folkemusikk kvar veke i sommarsesongen.

13 større og mindre, godt utstyrte møte- og kurslokale. Plenumssal med plass for inntil 250 personar.

Flott symjehall med sommarterperatur heile året. Aktivitetsrom, badstu, boblebad, tyrkisk dampbad og solarium, leikerom og skytebane.

Sommarsesong mai-september. Elles ope heile året for kurs, møte, konferansar og alle slags arrangement.

*Vi ynskjer velkommen til eit hyggeleg opphald!*  
**Familien Skrede**



6850 SKEI I JØLSTER  
TLF. 57 72 81 01 FAX 57 72 84 23



# UNN DEG EIN PAUSE

PÅ SKEI SERVICENTER

**STOR KIOSK**  
(bl.a. ferske brød)



**VEGKRO**



**HYTTEUTLEIGE**



**OMSTIGNINGSPASS  
BUSS**



**OPPSTILLINGSPASS  
BUBILAR**



**STELLEROM**

## SKEI SERVICENTER

BENSINSTASJON • VEGKRO • HYTTEUTLEIGE  
6850 SKEI • TLF. 57 72 82 34

LETT Å FINNE - LETT Å STOPPE!

Esso

DENNE  
KUPONGEN  
GIR DEG

# 1/2 PRIS

PÅ  
I DAGEN'S  
MIDDAG  
HOS

SKEI  
SERVICENTER



# Årdalsbakke ELEKTRO AS

STERKSTRAUM • SVAKSTRAUM • TELEINSTALLASJON

Postboks 24 • 6850 Skei • Tlf. 57 72 63 60 • Mobil 94 74 19 41

FAX 57 72 63 61

# KRAMBUA SIGURD KLAKEG

6850 Skei tlf. 57 72 81 22


*Jølster mållag takkar  
annonsørane  
for støtta.*



Rør og rørartiklar  
Sanitæreanlegg og utstyr  
Varmeanlegg med ved, flis og olje  
Pumpeanlegg  
Kjøkkeninnreiing  
Baderomsmøblar

# JØLSTER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister  
TROND AARDALSBAKKE  
6850 SKEI I JØLSTER  
TLF. 57 72 83 50 • MOBIL 94 50 82 97 • 94 50 87 25



## - JØLSTRAMÅLET -

eit spel for heile huslyden, - gjerne to og to saman

De treng →  → D. Dvergdsdal →  ell. 

\* Når ein av spelarane ( 1 ) kjem til farga rute med innteikna, stor bokstav, skal DEI ANDRE deltakarane slå opp i Jølstramålet el. Gamle ord ---- og finne eit ord som tek til på same bokstav som ruta viser. Dersom deltakar ( 1 ) veit tydinga av ordet, flytter han framover i spelet så langt som smilefjespila viser. Veit ikkje vedkommande tydinga, må han flytte attende dit grøn eller raud surfjespil peikar. Slik held de fram til mål.


\* SPELET VERT ULIKT FOR KVAR OMGANG.

\* DU VERT TIL SLUTT "SPESIALIST" PÅ JØLSTRAMÅLET

# START

# ORDLABYRINT

DIN KUNNSKAP VISER VEG — PÅ DIALEKT



FYLG  
PILENE.  
NOTER BOKSTAVEN I  
PILSPISSEN TIL DU KJEM  
TIL MÅL. KVA FOR EIT  
ORD FÅR DU?

LØYSING:  
EIT ORD PÅ  
12 BOK-  
STAVAR.

Kr. 40,-

EH.N.-1997